

---

Saksnr: 2021/1675-3  
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		14.06.2021

## Tildeling – tilskot til mobile bibliotektilbod

Forslag til vedtak

1. Tysnes kommune får tildelt kr 180 000 til eit mobilt minibibliotek.
2. Voss herad får tildelt kr 320 000 til delfinansiering av innkjøp av ny bibliotekbuss. Ved vidareføring av tilskotsordninga, er det høve til å søkje om ytterlegare tilskot.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune avslutta bokbåttene etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, er det etablert ei ny tilskotsordning. Ordninga skal kunna gje tilskot både til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.

Føremålet med ordninga er å støtte investering i mobile einingar, for å gi innbyggjarar med lang veg til næraste bibliotek tilbod om kunnskap, litteratur og kulturopplevingar. Tilskotsordninga er eit bidrag i fylkeskommunen sitt arbeid med å utjamne forskjellar mellom bibliotek og utvikle tilgang til eit godt bibliotektilbod til fleire. Det kom inn to søknader innan fristen med planlagde investeringar i ulike tiltak, som begge støttar føremålet med ordninga og kriteria for tildeling.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Elin Golten  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune avslutta bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, er det etablert ei ny tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Ordninga skal kunna gje tilskot både til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.

Føremålet med ordninga er å støtte investering i mobile einingar, for å gi innbyggjarar med lang veg til næraste bibliotek tilbod om kunnskap, litteratur og kulturopplevingar.

Undersøkingar viser at avstand, for liten tid og mangelfullt offentleg transporttilbod er årsak til at ein ikkje nyttar folkebiblioteket. I kommunar med spreidd busetnad, kan eit mobilt bibliotektilbod vere svar på slike utfordringar. Eit mobilt bibliotek er svært fleksibelt og kan endre driftsform og -område i tråd med endringar i busetnad og behov for ulike formidlingstilbod. Mobile bibliotektenester kan vere eit godt supplement til stasjonære folkebibliotek og skulebibliotek.

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering.	
Søknadsfrist:	1.juni 2021
Vedtak kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering PS 2020/78145
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettstad, FB og e-post til den enkelte kommune
Budsjett 2021:	500 000 kroner
Samla søknadssum:	680 000 kroner
Samla løyving:	500 000 kroner
Tal på søknadar:	2
Tildelt støtte:	2

Det har kome inn to søknader.

### 1. Tysnes kommune

Tysnes folkebibliotek søker om kr 180 000 til eit mobilt minibibliotek som skal plasserast inne på Onartun senter.

Folkeboksamlinga på Onarheim vart lagt ned i 2004. Sidan då har det vore skulebibliotek på Onarheim og bokbåtstopp fram til 2019. Bokbåttilbodet var spesielt viktig for skulebiblioteket. Onarheim er ei grend i vekst med eit dårleg bibliotektilbod, samanlikna med fleirtalet i kommunen. For dei fleste tar det om lag 30-40 minutt med bil kvar veg for å kome seg til biblioteket på Våge.

Minibiblioteket har ei gjennomsiktig dør som lånaren opnar med lånekortet sitt. Det kjem kvittering på lånet når ein lukkar døra. Bøker kan leverast tilbake i minibiblioteket eller på hovudbiblioteket. Lånarar kan også reservere materiale på andre avdelingar (Tysnes, Stord og Fitjar) og hente det i minibiblioteket.

Formannskapet har vedtatt å stille seg bak søknaden og vil innarbeide driftskostnader i årleg budsjett.

Vurdering: Minibiblioteket er ikkje mobilt i tradisjonell forstand, slik ein bokbuss eller bokbåt er det, men det vil bringe samlinga nærmare dei med lengst reiseveg til biblioteket. Det er eit fleksibelt tilbod og i tråd både med føremålet med utlysinga og nasjonal bibliotekstrategi. Dette vil verte det første av denne type automatiserte minibibliotek i Vestland. Ei utprøving i Tysnes vil gi viktig erfaring til andre kommunar med tilsvarande utfordringar.

### 2. Voss herad

Voss bibliotek søker om kr 500 000 til delfinansiering av innkjøp av ny bibliotekbuss. Totalt budsjett er 3, 625 mill kr.

Sju barneskular, ein ungdomsskule og 13 barnehagar utanfor sentrum i Voss herad, får besøk av dagens bibliotekbuss. I 2018 vart det lånt ut 20.628 bøker til skuleborn og 2.503 til barnehageborn. Kwart skulebarn lånte i snitt to bøker per bokbussbesøk, dvs. 24 bøker i året. I tillegg til utlån har bokbussen også formidling av litteratur og kunnskap. I 2018 var det mellom anna ein klimaturné.

Heradsstyret gjorde fylgjande vedtak i sak 60/19:

Bokbussen er ein stor suksess. Han er mykje brukt, utlåna er store, og han er viktig for å auka leselysta blant elevane. Slik har det vore i mange år. Det har også vore gjort mange budsjettvedtak opp gjennom åra om at bokbussen skal halda fram. Dette står fast, bokbussen er ei teneste me skal verna om. Dagens buss er gamal, men vil kunna halda ei tid til. Voss heradsstyre vil ved neste handsaming av økonomiplanen vurdere når innkjøp av ny buss skal inn på investeringsbudsjettet.

Kjøp av ny bokbuss ligg i Økonomiplan/Investeringbudsjettet i Voss herad i 2023 med ei investeringsramme på NOK 3 125 000 inkl mva.

Vurdering: Mange born og unge er avhengig av dette mobile bibliotektilbodet. Bussen er gamal og det må panelggast for ei relativt stor investering i ny bibliotekbuss. Voss herad bør få kr 320 000 til investering i ny bokbuss og bli oppmoda om å søkje ytterlegare tilskot i 2022, dersom ordninga vert oppretthalden.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tiltaket er i samsvar med budsjett

**Klima:** Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

**Folkehelse:** Tilgang til gode bibliotektenester medverkar til å redusere sosial ulikskap, og kan påverke livskvaliteten til mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevingar har positiv innverknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Tiltaket støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordninga støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Ein av strategiane er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Ordninga er med på å oppfylle målsetjingar i regional plan for Hordaland 2015-2015 og regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019-2027. Tiltaket bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidssretta Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga for mobile bibliotektenester som eit viktig bidrag i fylkeskommunen sitt arbeid med å utjamne forskjellar mellom bibliotek og utvikle tilgang til eit godt bibliotektilbod til fleire. Det kom inn to søknader innan fristen med planlagde investeringar i ulike tiltak, som begge støttar føremålet med ordninga og kriteria for tildeling. Eg tilrår at begge søknadene får støtte. Voss herad får mindre enn omsøkt, men heradet bør få høve til å søkje om ytterlegare tilskot, ved vidareføring av ordninga.